



Til soknekontora,  
dei kyrkjelege fellestrådskontora  
og bispedømekontora

## Kyrkjenettet og adressestrukturen under kirken.no og kyrkja.no

Alle kyrkjelydar, kyrkjelege fellestråd og bispedømeadministrasjonar har no tilbod om plass på Kyrkjenettet som vil omfatte intranett- og internett-tenester. Målsettinga er å samle alle einingane i kyrkja i eitt nett og få på plass eit samanhengande ikt-landskap for alle system som blir brukt i Den norske kyrkja. Det er òg eit mål at kyrkja får ein meir moderne og heilskepeleg identitet på nettet. Eigne løyvingar over statsbudsjetta for 2013 og 2014 har sørgt for at dette no blir ein realitet.

Selskapet Kirkepartner som blei etablert 24. oktober 2013, skal stå for samordning og oppfølging av nettbehova i kyrkjelydane. Selskapet er etablert av Kyrkjerådet, Kyrkjeleg fellestråd i Oslo, Opplysningsvesenets fond og KA Kyrkjeleg arbeidsgjevar- og interesseorganisasjon. Finansieringsmodellen er non-profit-basert, og kundane blir medeigarar i selskapet. Sjå meir informasjon på <http://www.kirkepartner.no>

### Ikkje fleire underdomene under kirken.no og kyrkja.no

Sidan 2001 har Kyrkjerådet, - etter søknader frå dei kyrkjelege fellestråda, - oppretta underdomene under hovuddomena kirken.no og kyrkja.no. (jf. rundskriv frå Kyrkjerådet nr. 3 – 2001 *Tilgang på underdomene under kirken.no*) På underdomena av typen [fellestradsnamn.kyrkja.no](http://fellestradsnamn.kyrkja.no) har kyrkjelege fellestråd og sokn etablert nettsidar og epost-kontoar gjennom avtalar med ulike leverandørar.

**Kyrkjerådet som eig hovuddomena kirken.no og kyrkja.no, vil ikkje fortsette praksisen med å opprette slike underdomene.** Dette rundskrivet opphevar dermed rundskriv nr. 3 – 2001 frå Kyrkjerådet - *Tilgang på underdomene under kirken.no*.

Grunnen til dette er at Kyrkjenettet har ein adressestruktur som ikkje baserer seg på underdomene. På Kyrkjenettet får sokn, fellestråd og bispedømmer adresser på hovuddomena kirken.no og kyrkja.no. Det vil seie nettadresser av typen [www.kirken.no/menighetsnavn](http://www.kirken.no/menighetsnavn) og [www.kyrkja.no/soknenamn](http://www.kyrkja.no/soknenamn)

Epost-adressane som Kyrkjenettet tilbyr, vil òg vere basert på hovuddomena kirken.no og kyrkja.no

Denne adressestrukturen er enklare og billigare å halde ved like. Etter kvart som kyrkjelege fellestråd og sokn etablerar seg på Kyrkjenettet, vil konkret nettadresse for kvar eining bli avklara i dialog med Kirkepartner.

Kyrkjelege fellesråd (og dermed sokn) som tidlegere har fått oppretta underdomene under kirken.no og/eller kyrkja.no vil sjølvsagt fortsatt kunne nytte desse, óg som alias-adresser til eit område på Kyrkjenettet.


Melding om endring av peikarar til nettserver og epost-server frå slike underdomene, skal ein heretter sende til Kyrkjepartner. Bruk kontaktskjema på [www.kirkepartner.no](http://www.kirkepartner.no).

Oslo, 1. september 2014

Med venleg helsing

Jens-Petter Johnsen

Direktør



Trude Evenshaug

Kommunikasjonsdirektør

